



Lufthamnsjef og uskedeling Jan Morten Myklebust fekk ei gledesmelding då statsbudsjettet kom tysdag. (Foto: Anders Totland)

Flyplassen på Sørstokken på Stord får eit driftstilskot på 12 millionar over statsbudsjettet og dermed er grunnlaget for framtidig drift lagt. Lufthamnsjef og uskedeling Jan Morten Myklebust seier til innsidada.no at dette ikkje er nytt sidan det har lege inne i planane, men at ein ikkje kan snakka for mykje om godt nytt.

Summen vart også lagt inn i Nasjonal Transportplan i mars.

Den nye leiar i transportkomiteen Knut Arild Hareide (KrF) er svært nøgd og seier at dette er eit godt første steg i prosessen med å sikra flyplassen.

At pengane er inne i budsjettet er ei stadfesting av at dei faktisk kjem.

Hareide strekar under flyplassen er viktig for heile regionen og lovar å fylgja den tett, saman med Øyvind Halleraker (H) og Magne Rommetveit (Ap), som begge også sit i denne komiteen.